

Flere fortener dagens ros.

05.05.2016



Flott rydda innover forbi Kleivadalssvingen.

Redaksjonen fekk i dag inn Dagens ros til hyttebuar Leif Arne Døssland fordi han også i år har rydda nedanfor buskuret i Korsnes. Det såg grapse ut der, men no er det vorte betydeleg betre. På søndagsturen ut til bygda la eg merke til at fleire fortener rosande ord for arbeid for å gjera bygda ryddig til den ljose årstida.



Eit godt og tydeleg signal til hundeeigarar!

Langs gang- og sykkelvegen frå bygda og inn forbi Kleivadalssvingen er det gjort eit flott ryddearbeid. Enten det no er frivillige, eller det er folk frå Mesta, så fortener dei verkeleg ros. Dette var kjekt å sjå! Eg la også merke til at det to stader på strekningen var stukke rullar med hundeposar inn i muren. Eit flott og godt signal til hundeeigarane. Siste strekningen inn mot Korsnes er det ein del ryddingsarbeid som må gjerast. Kanskje einkvan også gjer det?

Dersom det er gjort tilsvarende ryddearbeid andre stader i bygda, set vi stor pris på om vi får kjekke meldingar om det. Har de eit bilete å senda med, er det heilt topp!

På same turen la eg også merke til eit tiltak til for å halda naturen rein. Ved nedkøyrsla til kyrkja og Rabben Feriesenter er det kome tikspac-stasjon. Det er gratis hundeposar som firmaet Tikspac står bak. Dette vert finansiert av lokale firma som vi finn som annonsørar på tavla på stasjonen. Det kostar ikkje kommunem noko, og det er gratis å bruka av hundeeigarane. Det einaste hundeeigarane pliktar å gjera, er å ringa kommunen når det er tomt for posar. Då skal kommunen syta for at nye hundeposar kjem på plass. Eit flott tiltak og eit godt signal mot den irriterande hundeskiten!



Tikspac-stasjonen er også eit godt tiltak.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland